Emne: Skriftleg spørsmål til sak 064/26
Til: Ola Hovland <Ola.Hovland@fjaler.kommune.no>, Leif Jarle Espedal <Leif.Jarle.Espedal@fjaler.kommune.no>
Sendt: 16.08.2026 21:42:36
Fra: Marte - <mart_haugsbakk@hotmail.com>
Hei,

Legg ved skriftlege spørsmål til kommunestyremøtet 20.08.2026.

1. Ber om at det leggast fram oppdatert "Tabell 21 - Samlede kostnader alternativ 1: Flekke til Dingemoen" og "Figur 17 - Årsverk per 100 elev skoleåret 2025-26 fordelt mellom skolene I Fjaler kommune'' med 2026/2027- tal i rapporten "Rapport skolestruktur i Fjaler kommune - utkast til endelig rapport 08.05.2026"

2. Ber om at det vert beskrive kva som ligg under fellesutgifter i Tabell 21.
   202 Undervisning: 5 682 244
   222 Skole-lokaler: 6 254 425
   Totalt 11 936 669

3. Kva er den reelle innsparinga ved å legge ned skulen i Flekke, dersom ein må bygge ny barnehage?

4. Kvifor vert folketalsutvikling vurdert ulikt i Flekke og Våge?
   For Våge blir det brukt som argument at skulen bør oppretthaldast for å stabilisere og helst snu nedgang i folketal og elevtal. Det er eit godt argument.

   Men kvifor blir ikkje den same tankegangen brukt i Flekke? Flekke-området har hatt positiv folketalsutvikling, tilflytting og fleire viktige arbeidsplassar. Ei full nedlegging av Flekke skule kan påverke denne utviklinga.

5. Innsparing 222 Drift av bygg (FDV) ligg med utgift på 1 286 493,- og med tilsvarande innsparing. Kva er driftskostnaden for Flekke barnehage i dag, og kva vert den ved eventuell nedlegging av Flekke skule?

6. Kva betyr 34,25 millionar til rehabilitering av barnehagen?
   Administrasjonen har rekna at rehabilitering av barnehagen vil koste om lag 34,25 millionar kroner. Men kva omfattar dette beløpet? Gjeld det berre den delen av bygget som barnehagen brukar, eller gjeld det heile skule- og barnehagebygget? Dersom det berre gjeld barnehagedelen, må vi òg få vite kva som skal skje med resten av bygget dersom skulen blir lagt ned. Kjem det kostnader til ombygging, teknisk frådeling, drift og vedlikehald (FDV), sikring eller riving?

Rapporten og framlegget manglar eit konkret kostnadsoverslag for ei nøktern rehabilitering av heile Flekke oppvekstsenter, der både skule og barnehage blir vurderte samla. Eventuelt å fortsette som i dag.

7. Er det planlagt lokalsamfunnsanalyse før saka skal opp til endeleg handsaming i november?

8. Ser ein utfordringar med rekruttering til Flekke barnehage dersom ein legg ned Flekke skule?

Marte Haugsbakk